

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 Lekanger

Vår ref	Dykkar ref	Arkiv	Dato
4315 18/46 - 13		FE - 614	28.05.2018

Søknad om økonomisk støtte til fotballhall på Skei

Jølster kommune planlegg å bygge fotballhall på Skei i samarbeid med Jølster idrettslag. Med bakgrunn i at ein slik hall vil ha ein viktig regional funksjon, søker vi Sogn og Fjordane fylkeskommune om å støtte fotballhallen med 15 000 000 kroner.

Bakgrunn

Jølster idrettslag søkte hausten 2016 om prosjektmidlar til å greie ut to hallprosjekt i Jølster, fleirbrukskall på Vassenden og fotballhall på Skei. Jølster kommunestyre løydde kr 300 000,- til dette forprosjektet.

Jølster idrettslag har arbeidd vidare med hallprosjekta, og la fram forprosjekta for Jølster kommune for vidare handsaming hausten 2017.

Denne søknaden gjeld fotballhall Skei. Kommunestyret i Jølster vedtok i sak 081/17 å støtte utbygging av fotballhallen på Skei. Kommunestyret vedtok og at hallen skal byggast, eigast og driftast av Jølster kommune.

I regional plan for fysisk aktivitet, idrett og 2016 – 2019 står det:

- *det er rom for tre storhallar til fotball 64 X 100 meter i Sogn og Fjordane, inkludert kaldhallar. Det kan difor etablerast to nye slike anlegg*
- *etablering av nye hallar bør skje sentrumsnært der folk bur og gjerne tilknytt ein skule*

Fotballhallen skal byggast over eksisterande kunstgrasbane på Skei, som ligg i nært opp til Skei skule. Skei ligg sentral plassert midt i fylket, og om lag 60 000 innbyggjarar i fylket kan nå Skei innan ei reisetid på 60 minutt.

Fotballhallen kan gje eit fotballtilbod til heile fylket. Fotballkrinsen har behov for ein større fotballhall i regionen til krinssamlingar og andre samlingar. Hallen vil og kunne brukast til andre typar arrangement, som messer, turneringar og konserter.



Lokalt vil hallen gje Jølster fotball gode treningstilhøve heile året og kunne skape aktivitet for born og unge heile året, ikkje berre innan fotball, men også ei rekke andre idrettar og aktivitetar. Jølster idrettslag har kring 800 medlemmer, der om lag 500 er knytt til fotballgruppa.

Hallen vil også verte nytta av Skei skule i samband med kroppsøving og den kan nyttast av elevane i samband med friminutt.

Framdrift

Jølster kommune har innarbeidd finansiering av hallen i investeringsbudsjett og økonomiplanen for 2018 – 2021.

Det er sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå Jølster kommune (politisk og administrativt) og Jølster idrettslag som arbeider vidare med planlegging av hallutbygginga. Gruppa har god framdrift i arbeidet, og planlegg å lyse ut bygging av hallen på anbod i løpet av våren. Byggestart er tenkt hausten 2018.

Interkommunalt anlegg

Jølster kommune har invitert Førde kommune til samarbeid om fotballhallen på Skei som interkommunalt anlegg. Avtale med Førde kommune vil utløyse 30 % ekstra spelemedlar. Førde kommune har varsla at dei vil legge fram saka for politisk handsaming i juni 2018.

Kostnadskalkyle og finansiering

Kostnadskalkyla for fotballhallen syner ein total kostnad på 46 660 000. I forprosjektet er hallen planlagt finansiert slik:

Tippemidlar kr 10 000 000

Dugnad kr 2 550 000

Interkommunalt tilskot (5%) kr 2 303 000

Jølster IL/Gåver kr 3 500 000

Mva. komp kr 9 332 000


Kommunalt tilskot kr 19 000 000

Jølster kommune søker med dette om 15 000 000 i tilskot frå fylkeskommunen til realisering av fotballhallen på Skei.



Ta kontakt om det er behov for meir informasjon om prosjektet.

Med helsing



Oddmund Klakegg
Ordførar



Ellen Jensen
Rådmann
57726104

Vedlegg:

Fotballhall_Skei



